



› 6 Barn, familie og helse

Drift

Teneste	6 Barn, Familie, Helse alle tal i heile 1000	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2020	2020	2020	2019
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	101	-1 028	-1 028	-
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	1 193	1 649	1 649	1 505
2120	GRUNNSKOLE	2 588	2 790	2 790	3 025
2130	VAKSENOPLÆRING	208	316	316	303
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 433	5 616	5 616	5 373
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	688	754	754	755
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 046	1 201	1 201	20
2341	PSYKIATRISK DAGTILBOD	-	-	-	-0
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	12 335	11 223	11 223	11 902
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 435	4 127	4 203	4 614
2412	PSYKISK HELSEVERN	802	1 737	1 737	775
2413	FRISKLIVSSENTRAL	-	-	-	-5
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	-109	-72	-72	-88
2421	FLYKTNINGKONTOR	1 082	1 242	1 242	-
2440	BARNEVERN TENESTE	4 813	4 932	4 932	5 013
2510	BARNEVERN TILTAK I FAMILIEN	3 420	1 383	1 383	1 926
2520	BARNEVERN TILTAK UTANFOR FAMILIEN	4 200	5 617	5 617	5 173
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	3 129	3 085	2 680	-
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	2 803	3 793	3 793	-
Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE		48 168	48 365	48 036	40 291

Økonomi

Ramme 6 viser eit rekneskap nær balanse, med eit mindreforbruk om lag kr 200 000. Legetenesta viser eit meirforbruk på kr 1,1 mill. Meirforbruket skuldast i hovudsak auka utgifter til fastlegetenesta på grunn av pandemien som det ikkje er kompensert for, og auke i satsane på basistilskotet og beredskapsgodtgjersla. Saksbehandling felles (Tildelingskontoret) viser eit meirforbruk kr 1,1 mill. På grunn av ei feilføring i budsjettet vart kuttet på logopedressursen lagt til tildelingskontoret. Barneverntenesta viser samla eit meirforbruk på kr 500 000. Dette skuldast auka utgifter til hjelpetiltak i familiane og kjøp

av institusjonsplass. Fysio/ergoterapitenesta og kvardagsrehabiliteringsteamet hadde eit meirforbruk på kr 300 000, dette grunna mindre motteke tilskot enn budsjettet.

PPT, psykisk helseteam for barn og unge, flyktningtenesta, tildelingskontoret og helsestasjonen er om lag i balanse eller har eit mindreforbruk, som balanserer for meirforbruket på dei andre tenesteområda.

Eininga har i løpet av dei to siste åra redusert med 7 stillingar. Reduksjonen har hatt innverknad på alle tenesteneområder, med unntak av legetenesta der vi har fått oppretta ny fastlegeheimel mellom anna for å få redusert listelengda til fastlegane.

Mål/resultat

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt
Kompetanseutvikling i alle tenester	Kompetanseplan er arbeidd med gjennom 2020. Er på plass i 2021.	Målet er nesten nådd.
Sjølvhjelpsverktøy til ulike brukargrupper		Under arbeid
Opplevd god kvalitet i barnevernstenesta	Brukarundersøking er under arbeid	Mål om brukarundersøking er ikkje nådd
Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarane fastlege gjennom heile 2020	Det er tilsett fastlegar i alle stillingane	Målet er nådd.
Betre koordinerte tenester og tydlegare prioritering	Utarbeidd retningslinjer for gjennomføring av tverrfaglege møter og koordinatorrolla. Delta i og følgje opp arbeid i prosjektet "Betre tverrfagleg innsats (BTI)"	Kontinuerleg arbeid.
Digitale søknader til omsorgstenestene	Det vert sett i gong arbeid med dette i 2021.	Målet er ikkje nådd
Sjukefråvær skal ikkje overstige 5%	Eininga har arbeidd kontinuerleg med tiltak gjennom heile året. Oppfølging og involvering av dei tilsette, særleg knytt til rolleklarheit og kompetanse. Har vore krevjande i ei tid med omstilling og kutt i tal årsverk og kutt i tenestene.	Målet ikkje nådd. Sjukefråvær 7,5%
Auke kompetanse innan bruk av teknologiske verktøy og digitalisere fleire prosessar.	Nyte fullt ut dei verktya vi har.	Kontinuerleg arbeid.
Rutiner for månadsvis rapportering frå avdelingsleiar	Rutiner for månadslege rapportering til einingsleiar er innført.	Målet er nådd
God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Eininga har rapportert status kvar månad og ei meir utfyllande rapportering ved kvart tertial. Eininga har arbeidd med å gjennomføre vedtekne driftstiltak og utført andre tiltak i tillegg.	Målet er nådd. Mindreforbruk kr 200 000

Korona

Mykje av dei samla ressursane har gått til å handtere koronapandemien. Fleire tenester har bidratt med testing, smittevern og sporing. Tilrettelegging av tenestetilbodet for å fylle smitteverkrav, har også krevd ekstra ressursar.

Tenestetilbodet til barn og unge har vore noko redusert i 2020 på grunn av pandemien, særleg i tida då samfunnet stengde ned 12.mars. Tilsette har vist stor endrings- og løysingsvilje, ein har prøvd så langt som råd å ikkje la restriksjonane ramme sårbare og utsette brukarar av våre tenester.

Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Hindre smittsomer sjukdommar, korona, har naturleg nok vore arbeidd veldig mykje med i 2020. Eininga har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgd nasjonale krav og føringar. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for

å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med Giske kommunale legesenter for å yte best mogleg samanhengande tenester.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Prosjekt "Betre tverrfagleg innsats" og "Talk" er viktig arbeid mellom oppvekst, helse og omsorg. Elles samarbeider tenestene både internt i eininga og med tenester i andre sektorar.

Kostratal 2020

Kostratal vert presentert under tenesteområda.